

Ferdigheit:	Å vise at andre er ok
	Veldig mange opplever innimellom å bli usikre på om dei er bra nok for dei ein er saman med. «Likar dei meg?» «Har dei lyst til å vere saman med meg?» «Passar eg inn her – eller ikkje?» - Korleis kjennest det å vere usikker på om ein er ok? Kva kan ein kjenne inni seg då, trur de? - Kva er det andre kan gjere eller vise med blick og kroppsspråk som kan gjere oss usikre på om vi er bra nok? - Sjå på bildet og finn dei små detaljane som viser forskjellen på å vise du er ok/du er ikkje ok. Her i klassa vår skal alle kjenne at dei passar inn i laget vårt. Alle skal kjenne «Eg er ok!» Derfor skal vi øve på å vise kvarandre at alle er det!
	Kvifor er det lurt å øve på dette? Kven er det bra for? - Bra for meg og deg: - fordi alle kan bli usikre på seg sjølve av og til. - Bra for oss: - fordi vi får det betre saman og lærer meir!
	Kva tenker de vi kan seie, gjere eller vise som får andre til å føle at dei er ok? Korleis viser ein at ein er positiv til kvarandre? - Vise med blick, snille auge, smil, ope kroppsspråk. - Snakk til kvarandre med snille ord på snille måtar.
	No skal elevane samarbeide i små grupper og vise ansiktsuttrykk og kroppsspråk som får andre til å føle seg ok, eller ikkje ok. Bli einige om nokre viktige ting som viser at vi er positive til kvarandre – også når vi er ueinige, eller ikkje har så mykje til felles (for eksempel snille blick, ope kroppsspråk, lytte, vente på, inkludere andre). Øv på å gi ein hyggeleg og respektfull respons når nokon: - fortel om noko dei likar som du ikkje er interessert i - foreslår ein aktivitet du ikkje har lyst til å vere med på - seier noko du er ueinig i - fortel noko du ikkje synest er morosamt eller spennande å høyre på
	Framover skal vi prøve å hugse å vise kvarandre at vi alle er ok – gjennom blick, kroppsspråk og måten vi snakkar til kvarandre på.